

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar • Presentera ei bok for andre og snakka om innhald og verkemiddel • Skriva tekstar
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Lytta til og lesa i ei engelsk bok • Skriva oppsummeringar med relevant informasjon • Skapa ei eiga mening og argumentera for ho
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Delelege tal og primtalsfaktorisering • Utviding og forkorting av brøkar
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara korleis endringar i samfunnet har påverka levealder og barnefødsler • Forklara årsaker til innvandring til og utvandring frå Noreg • Gje døme på korleis teknologi har påverka levkåra i Noreg • Forklara kva som kjenneteiknar velferdsstaten i Noreg
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Få kjennskap til forteljingar som jødedom, kristendom og islam har felles, og som er ein del av kulturarven vår • Vita korleis Det gamle testamentet er bygd opp og kva det inneheld
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklare korleis landskapet endrar seg når jordskorpeplater kolliderer eller sprekk opp • Diskutere nokre samanhengar mellom platerørslar og klima
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Å fortelja om skulekvardagen din • Å seia kva du meiner om det ulike skolefaga • Å spørja kvar ting er • Å snakka om klokka
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Presentera seg sjølv og snakka om daglegdagse gjeremål og hobbyar • Bruka regelrette og uregelrette verb i presens
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Skriva eigne tekstar • Formidla eigne opplevingar i ekstreme aktivitetar • Eksperimentera med enkle oversetjingar mellom norsk og engelsk
Kroppsøving	<p>Basis/Styrke:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. • Forstå fleire typar kart og digitale verktøy og bruke dei til å orientera seg i kjende og ukjende miljø <p>Symjing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
K&H	<ul style="list-style-type: none"> • Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar, arbeidsteikningar, modellar og digitale verktøy

	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera materiale sin haldbarheit og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk, og bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte.
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar åleine og saman med andre • Anerkjenna forskjellar mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, inkludere alle, samarbeida og oppmuntra medelevar til å delta i fysisk aktivitet
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Forstå og bruka teknikkar knytt til kart og kompass, bålpyring, knutar, førstehjelp og reiskapar
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på å inkludera alle • Vita kva utestenging er og vera bevisst på eiga åtferd
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag • Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav

INFORMASJON TIL HEIMEN

Hei verden

På onsdag hadde me ein flott Hei verden-kveld med både aktivitetar, førestilling med song og dans, kafe og loddsal. Tusen takk for bidrag med både pengar og mat/drikke til kafeen. I skrivande stund har det kome inn over 52.000 kr. 10. trinnet har "jobb ein dag" i dag, så me er spente på kor mykje sluttsummen blir!

Besøk av Politiet

På torsdag får me besøk av Politiet som skal ha eit undervisningsopplegg om nettvett. Politiet presenterer undervisningsopplegget «Delbart? og/ eller Dele=å delta (deling av voldsvideoer)», der elevane vil sjå eksempel på delingar som kan vera straffbare og kva ein har lov til å gjera på nettet.

Desember på BUS

I neste veke startar me opp med juleførebuingar. Me pyntar litt i klasseromma og lærarane er i gang med å planleggja ein aktivitetsskalendar for elevane. Det vil vera ein liten aktivitet kvar dag, men me kjem til å ha masse undervisning heilt fram til jul. I siste veke før jul er det adventsamling eller julegudsteneste. Det er valfritt kva ein vil gå på. I tillegg held elevrådet på med å førebude temadagar for heile skulen. Siste skuledag blir det juleturnering i Timehallen og kanskje kjem lusia med lussekattar! Me gler oss til ei kjekk førjulstid!

Helsing oss på 8.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Norsk	Munnleg presentasjon av bok	Ja	49 og 50
Tysk	Munnleg presentasjon «Das bin ich»	Ja	Veke 50 (Tysdag og torsdag)

HEIMEARBEID VEKE 49	
Norsk	Jobb med presentasjonen din. Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal til lærar i slutten av veka.
Engelsk	Les inn kapittel 109. Innlevering ligg på Teams.
Matematikk	Gjer oppgåve 2.109, 2.110, 2.112 og 2.113 i oppgåvebok
Samfunnsfag	Lag ei tidslinje med 5 viktige hendingar på 1800- og 1900-talet. Bruk gjerne denne teksten for å finna nokre døme. Me skal jobba vidare med denne i timane denne veka.
KRLE	Les om fedrehistoria på s. 58 til 63 i Store Spørsmål. Skriv ei oppsummering av det du las, mellom 5-10 setningar. Lever på OneNote.
Naturfag	Les s. 120-123. Oppgåve 2 s. 136
Spansk	Førebu deg til skriftleg prøve på torsdag. Gå gjennom målark.
Tysk	Sjå OneNote veke 49
Eng fordj	-Fortel om sporten du har drive med -Kva er ekstremsport for deg? Skriv 4 setningar -Gjer deg jkas til ein diktat om fleirtal av substantiv
Kroppsøving	Basis/styrke: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE
Kantine	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Ha med iPad. Vegard si gruppe møter i 8D sitt klasserom. Ha med iPad. Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fys.ak.	Gruppe 1: Timehallen Gruppe 2: Gymsalen på BUS Hugs skifteklede.
Friluftsliv	Planen er at me skal laga bål i atriet. Me må sjå ann veret, så følg med i teams-chatten.

HEIMEARBEID VEKE 50	
Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal i slutten av veka.
Engelsk	Forebu deg til muntlig presentasjon / samtale om boka 'The Curious Incident of the Dog in the Night Time'. Det blir i en av engelsktimene.
Matematikk	Gjer oppgåve 2.20, 2.21, 2.27 og 2.29 i Grunnbok
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene.
KRLE	Svar på oppgåve 1-5 på s. 63 i Store Spørsmål. Lever på OneNote.
Naturfag	Les s. 124-127 gjer oppgåve 4 s. 138
Tysk	Sjå OneNote veke 50
Eng fordj	-Fortel om sporten du har drive med -Kva er ekstremспорт for deg? Skriv 4 setningar -Gjer deg jkas til ein diktat om fleirtal av substantiv
Kroppsøving	Basis/styrke: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Ha med iPad. Anne Marie si gruppe møter i 8D sitt klasserom. Ha med iPad. Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fys.ak.	Gruppe 1: Timehallen Gruppe 2: Gymsalen på BUS Hugs skifteklede.
Friluftsliv	Planen er at me skal laga bål i atriet. Me må sjå ann veret, så følg med i teams-chatten.